

Protokoll: Årsmøte i Seniornett Førde 14. mars 2024

Møtestad: Førdehuset Musikkrommet

SAKSLISTE

Sak 0: Opning av årsmøtet 2024 ved fungerande styreleiar Kurt Grønli

Fungerande leiar ønskte velkommen til møtet. 30 frammøtte

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste

Merknader: Sak 10 og sak 12 blir tatt før godkjenning av budsjett.

Sak 2: Val av møteleiar

Arne Sandnes vart vald

Sak 3: Val av skrivar

Egil Nestande vart vald

Sak 4: Val av to medlemmer til å skrive under møteboka saman med møteleiar

Anne Johanne Schei og Borgny England Slagstad vart valde

Sak 5: Styrets årsmelding for 2022

Møteleiareren gjekk detaljert gjennom årsmeldinga.

Kommentar: Fleire datafirma kunne vore invitert til Digital Festival. Jorun Systad var gjesteforelesar. Ulike versjonar av Windows medfører «litt problem».

Vedtak: Årsmeldinga vart einstemmig godkjent

Sak 6: Rekneskap og revisjonsmelding for 2022

Kasserar Kurt Grønli presenterte den reviderte rekneskapen.

Rekneskapen for 2023 viser eit overskot på kr 998,48. Bokført kapital (bankinnskot) per 31.12 2023 er kr 205 023,63.

Kommentarar: Årsaka til lågare beløp på VO-midlar enn budsjettetert var at berre halvparten av midlane er utbetalt.

Vedtak: Rekneskapen for 2022 vart einstemmig godkjent.

Sak 7: Fastsette kursavgift 2024/2025

Forslag frå styret: kr 350.

Vedtak: Kursavgift for 2024/2025 blir kr 350.

Sak 8: Arbeids- og aktivitetsplan for 2024/2025

Innstilling frå styret: *Styret må i samarbeid med instruktørane utarbeide ny aktivitetsplan for haust 2024 og vår 2025. Samstundes må styret arbeide vidare med innhaldet i «Seniornett Førde mot 2037».*

Kommentarar: Aktivitetsplanen må gi rom for repetisjon. Gjerne nokre «opne dagar» med høve til å ta opp spesielle problem og spørsmål.

Vedtak: Innstillinga frå styret vart vedtatt med visse merknader.

Sak 9: Godtgjersle til tillitsvalde

Forslag frå styret: kr. 500, dvs. det same som før.

Alternativt forslag frå salen: Kr 1000.

Vedtak: Styrets forslag om kr 500 vart vedtatt med 17 stemmer.

Sak 10: Behandle innkomne saker

Styret har meldt inn fleire saker. Sak 10.1 og sak 10.2 gjeld §6 i vedtektene. Sak 10.3 gjeld tillegg til §7 i vedtektene.

Sak 10.1: I vedtektene § 6 ønsker styret å endre «val av revisor for eitt år» til «*val av to rekneskapskontrollørar for eitt år*».

Grunngjeving for foreslått endring er at nemninga «revisor» omfattar meir enn berre revisjon/ kontroll av rekneskapan, m.a. «*at lover og regler følges, at retningslinjer for miljø og etikk følges.*»

Det kom merknader om at nemninga «revisor» er vidare enn det som er framført i forslaget. «Det norske akademis ordbok» har to tydingar:

- 1) «*Fagperson med spesiell eksamen og autorisasjon som reviderer regnskaper*»,
jfr. *registrert revisor, statsautorisert revisor*
- 2) «*Person som en gang i året reviderer regnskapet til en forening*»

Tyding 2) samsvarar godt med den nemninga som Seniornett Førde brukar, til liks med mange frivillige lag i Førde. Vår bruk av nemninga **revisor** ligg derfor godt innafor offisiell tyding av ordet.

Vedtak: Forslaget om endra nemning vart ikkje vedtatt. 20 stemte for å halde på nemninga revisor, og berre ein revisor.

Sak 10.2: Endring av rekkefølge på saklista.

Punkt 12. «Andre saker som er med i innkallinga», bør flyttast lenger opp, og før behandling av «Budsjett for komande år», fordi det kan vera saker som kan virke inn på budsjettet.

Vedtak: Styrets forslag oppnådde ikkje 2/3 fleirtal og vart ikkje vedtatt.

Sak 10.3: Endring av §7 med tilføyning av nytt avsnitt.

Forslag frå styret: «*Når leiaren er fråværande, skal skrivaren fungere som nestleiar. Dette gjeld uansett grunnen til at leiaren er fråværande.*»

Det vart ein del debatt til dette forslaget, der det vart vist til at ei slik presisering i vedtektene er unødvendig. I vedtektene stå det at styret konstituerer seg sjølv, og ei slik presisering kan styret sjølv gjera i samband med konstituering.

Vedtak: Forslaget om nytt avsnitt vart ikkje vedtatt.

Sak 11: Budsjett for 2024

Kasseraren la fram eit budsjett som balanserer med ein sum på kr 89 700,00.

Budsjettet er basert på rekneskapan frå året før og tidlegare. Ein del postar både på inntekts- og utgiftssida er litt usikre.

Kommentar/spørsmål: Medlemsbetaling for kaffi jamvel om vi har dugnad på at medlemmene tar med kaffimat? Svar: Vi veit ikkje korleis dette blir når det igjen blir kafedrift i Førdehuset.

Vedtak: Budsjettet for 2024 vart vedtatt, og ser slik ut:

BUDSJETT 2024		
	Inntekter	Utgifter
Kursavgift	15 750,00	
Officepakke	1 200,00	
Kaffipengar	11 250,00	
Kurstilskudd Studieforbund	30 000,00	
Medlemskontigent i Seniornett Norge	17 500,00	
Norsk Tippemidler - grasrotandel	6 000,00	
Momskompensasjon	6 000,00	
Renter	2 000,00	
Godtgjersle til instruktører + medhjelper		40 000,00
Servering		27 000,00
Ekstern kurs		4 000,00
Utstyr		2 000,00
Godtgjersle til tillitsvalde		2 000,00
Reiseutgifter		6 000,00
Andre utgifter		8 400,00
Finanskostnader (bankgebyr)		300,00
Resultat	0,00	
Sum	89 700,00	89 700,00

Sak 12: Val.

Styre:

Leiar: Knut Johan Mikkelsen attval for eitt år
 Medlemmer: Kurt Grønli ikkje på val
 Aslaug Vårdal Igelkjøn ikkje på val
 Varamedlem: Torleif Håland attval 1 år
 Revisor: Jon Gunnar Løland attval 1 år

§7 i vedtektene: «...Styremedlemene blir valde for 2 år om gongen. Kvart år er skiftevis ein av medlemmene i styret på val. Første gong etter loddtrekning...»

Valnemnd:

Leiar: Esther Schei Klausen eitt år
 Medlemmer: Magny Grimeland ny 2 år
 Oddny Rosenlid ny 1 år
 Varamedlem: Magnus Kapstad attval 1 år


 Egil Nestand

Referent


 Anne Johanne Schei


 Borgny England Slagstad